

Innspel Interkommunal plan.

Først litt generelt til planen.

Angsten for ein interkommunal plan er sjølv sagt at den vil ligge hindringar for ønskt utvikling i egen kommune. Det er og lett å sjå for seg at det vert meir krevjande å endre ein interkommunal plan om det vert behov for det. Då er det lettare/hurtigare å endre ein lokal plan. Spørsmålet er om den regionale medverknaden og støtte gjer at dette gjer oss auka spelerom i staden for avgrensingar?

Om planane vert lagt på overordna nivå er det vanskelegare å tilpassa dei til den lokale situasjonen. Lokalt veit ein lettare kva behov som er en det ein klarar på overordna nivå. For næringslivet er tidsaspektet viktig og her er eg uroa for at ein overordna plan kan gje mindre moglegheit for nødvendige endringar på kort sikt.

Vidare er det viktig at me har planar, men min kommune slit med at vår vidaregåande skule ikkje får muligkeit til å tilpasse seg den lokale arbeidsmarknaden. Sjølv om skulen i lag med næringslivet dokumenterer behov og skaffar lærlingplassar får ein ikkje opprette naudsynte fagtilbod. Det gjer det krevjande å skaffa kvalifisert arbeidskraft innan nokre sektorar.

For Fedje sin del er kommunikasjon det viktigaste. Innbyggjarane må kunne stole på at ferja går, kvar dag til oppsett tid. Me har no over fleire år hatt ein ustabil ferje. Konsekvens av dette er at fleire ikkje kan pendle inn eller ut av kommunen og fleire har flytta frå Fedje grunna dette.

Svar på spørsmåla de har stilt.

- Planen har tre satsingar:
Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderande samfunn, Areal til næringsutvikling
- Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar veleigna for å nå måla i planen og bidra til utvikling i din kommune, region, næring?

Det kan dei være, men desse vil i ulike tilhøve og kunne stå i motsetning til kvarandre. Det er lett å sjå for seg saker der ein treng å legge til rette for ny næringsetablering som kan stå i motsetjing til det som vært nemnt som grøn næringsutvikling. Planen har fokus på gjenbruk/tettbygging på eksisterande areal. Det er grunn til å tru at dette er i næringslivets eigeninteresse då det ofte vil være billigare. Alle samfunn er avhengig av tilrettelegging for å kunne tilby både innbyggjarar og gjestar best mulige tilhøve. Om ein med innovative samfunn tenker auka bruk av batteri så er dette nok noko som har sterkt støtte i kommunane, men å vedta at samfunnet skal vera innovativ er noko spesielt. For å overleva er alle samfunn avhengige av å vera innovative.

- På kva måte kan planen vere eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?

For mange aktørar er i alle fall næringsareal ein grunnleggande nødvendighet, her er det lett å få gode innspel. Om inkluderande samfunn fører til nye rekkefølgjekrav kan det og være noko som hindrar ønskt næringsutvikling. Dette er ulike omsyn som må i varetas i planen. Stor medverknad vil gje betre legitimitet til planen og derfor ser ein det naudsynt å få ulike aktørar til å medverka. Ein form for gevinst vil nok gje auka grunn for medverknad.

- Spørsmål spesielt til offentlege verksemder:
- Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle eigne handlingsplanar?

Den kan seie noko om kor me har dei naudsynte areal og infrastruktur som er naudsynt for større utbyggingar. Her vil det lett komme konfliktar mellom ulike kommunar når det gjeld lokalisering, blant anna i høve til havbruksfond.

- Areal til næringsutvikling - Rett areal til rett formål til rett tid. Her er det lagt opp til samarbeid for å verte betre på planlegging av areal mellom kommune, stat og fylke.
 - Er dette interessant og relevant?
- Ja, i min kommune har me her støtt på ulike problem(les Kystverket) som gjev avgrensinger og etter at planar er vedtatt og godkjent
 - Er dette eit problem for Vestland? I alle fall i egen kommune ser eg at det er vanskeleg å kunne tilpassa planar til dei behov som næringslivet har akkurat no.

På vegne av Fedje kommune

Stian Herøy

Ordførar Fedje